

Tor H. Myklebust sin vasskulptur i Meyerparken

16.11.2016



Tor H. Myklebust sin vasskulptur i Meyerparken i Bergen. Den eine sylinderen manglar her.

Ein oversikt syner at bygdekunstnaren Tor H. Myklebust frå Uskedalen har nær på 20 kunstverk og innstallasjonar i Bergen. Ein av dei er fontenen Japansk vannkunst som står i Meyerparken, ein 9 dekar stor park anlagt i 1988 nær Rotthaugen skulen i Fjellsiden. Modellen til vasskulpturen er å finna heime på Neset i Uskedalen. Uskedalen.no har nyleg vore i Meyerparken, i møte med Tor sin kunst.



[Japansk vannkunst med den eine sylindren.](#)

Tor H. Myklebust (1923 - 2015) med utdanning frå Kunst- og handverksskulen på Voss og i Oslo hadde arbeidet sitt i Park- og fritidsseksjonen. Han hadde mellom anna ansvar for parkar, skulpturar og utsmykking i Bergen. Sjølv skapte han mange kunstverk og installasjonar, - alt frå minneplater og relieff til skulpturar. I Kvinnherad og Uskedalen finn vi om lag like mange kunstverk, det meste privat eller eigd av lag og organisasjonar.



Modellen er henta fram og vert synt fram på Neset i Uskedalen.

Vasskulpturen Japansk vannkunst er laga slik at vatn fyller to sylindrar (bøtter). Vassmengda gjer at bøttene vippar og tømmer. Sylindrane vippar så tilbake for å ta mot meir vatn. I den same parken finn vi også skulpturen Trulte, som er ein teikneseriefigur, utført av Odd Hilt. I Bergen Byleksikon kan vi lesa meir om Tor H. Myklebust sitt arbeid med parkar, minneplater og utsmykking. Japansk vannkunst vart laga i 1989. Modellen heime på Neset er intakt og syner korleis Tor har tenkt og utført arbeidet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal